



Saksframlegg

Skilt til offentlege bygg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har formannskapet.

Dokument i saka:

Prisoverslag skilt til kulturhus og idrettshall

Forslag til plassering skilt, idrettshall og kulturhus

Bakgrunn for saka:

Det manglar skilt til idrettshall og kulturhus i Fyresdal. Idrettshallen sto ferdig i 2020, og ved ombygging av samfunnshuset til kulturhus, ser ein at det er behov for skilt, slik at innbyggjarar og tilreisande kan sjå kva desse offentlege bygga har som innhald. Det er og eit behov for skilting av legekontoret og legevakta på helsehuset.

Det er ikkje sette av midlar i prosjekta til bygging av idrettshall og ombygging av samfunnshuset til skilting.

På bakgrunn av dette har ein sjekka prisar, og har fått fylgjande prisoverslag på skilt til idrettshall og kulturhus. Behov for skilt på helsehus kom fram etter innhenting av pristilbod, og er derfor estimert.

Kostnader	Med ljós	Utan ljós
Idrettshall	120 000	84 000
Kulturhus	81 000	57 000
Helsehus (estimert)	65 000	35 000
Skilt inngangar kulturhus	50 000	50 000
Sum	316 000	226 000

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi for kommunen som organisasjon i Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fyresdal kommune 2023-2035;

Bygge positivt omdømme og kultur, basert på tillit og openheit.

Skilt på offentlege bygg er viktig om omdømmebyggjande, og skapar ein felles kultur. Det er viktig for Fyresdal kommune, og for innbyggjarar og tilreisande. Utfordringa er å finne finansiering, då det er kostbart med skilt i den storleiken ein treng til desse bygga.

Kommunedirektøren vurderer det som rett å nytte av «rådmannens million» til dette tiltaket.

Konklusjon:

Det bør skiltast på helsehus, kulturhus og idrettshall. Øvre estimert kostnad er 320 000,-, som løyvast frå «Rådmannens million». Tiltaket må ut på offentlig anbod.

Innstilling frå kommunedirektøren

Det bør skiltast på helsehus, kulturhus og idrettshall. Estimert kostnad er 320 000,-, som løyvast frå «Rådmannens million». Tiltaket må ut på offentlig anbod.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur